



Referat frå kommunemøte måndag 6. april

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Kommunane, Fylkesmannen, helseføretaka, Vest politidistrikt og fylkestannhelsetenesta

Ikkje til stades: Eidfjord kommune, Etne kommune, Fitjar kommune, Masfjorden kommune, Modalen kommune, Stord kommune og Tysnes kommune

1. Informere/presisere

Første ordinære møte etter påske vert tysdag 14. april kl. 14:30-15:30. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 14.15.

Vi har i tillegg invitert til møte onsdag 8. april kl. 11:00-12:00. Viss vi på det tidspunktet ikkje veit noko om kva regjeringa har bestemt om endringar i retningslinjene, eller endringane ikkje er særleg store, kan det vere at vi avlyser møtet. Vi sender i så fall ut beskjed onsdag morgon/føremiddag.

2. Faktaark om falske nyhende

DSB har i samarbeid med Medietilsynet, Politiets tryggleiksteneste (PST) og Politidirektoratet (POD) laga faktaarket «Slik avslører du falske nyheter». Føremålet er å auke evna som den enkelte av oss har til å avdekke falske nyhende og annan desinformasjon med potensiale til å skape mistillit til styresmaktene, media og vitskap.

Ein vaksine mot falske nyhende, desinformasjon, konspirasjonsteoriar og nettsvindl, er å oppmode folk om å vere kritiske til det dei les og deler på sosiale medium. Det betyr at kvar enkelt av oss i større grad må vere merksame på identiteten og motivasjonen til avsendaren, og slik bidra til å bevare den gode tilliten mellom folk og styresmakter.

Fylkesmannen oppmodar kommunane om å publisere faktaarket det på sine nettsider.

Les meir om dette og finn lenkje til faktaarket på nettartikkelen til Fylkesmannen:

<https://www.fylkesmannen.no/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/smittevern/koronavirus/faktaark-om-falske-nyhende/>

3. Trusselvurdering om auka risiko for overgrep mot barn og vald i nære relasjonar

Vest politidistrikt orienterte om situasjonen. Politiet har gjennom informasjon og etterretning avdekkja fleire risikoområde knytt til koronasituasjonen. Det er sannsynleg at førekomsten av fysisk og psykisk vald vil auka, spesielt viss situasjonen varer ved. Det er sannsynleg at personar med seksuelle preferansar for barn vil utøve kontaktovergrep og overgrep via nettet i denne perioden. Slik situasjonen er no, får overgriparen eit større handlingsrom til å utøve vald og overgrep, sidan ofra i større grad enn vanleg er skjerma frå omverda.

Mange held seg innandørs og er tettare på kvarandre enn i ein normalsituasjon. Det kan vere vanskeleg for fleire og gjere at konfliktnivået vil auka. Det som kan spele inn er økonomiske utfordringar, permitteringar, psykiske utfordringar som vert forverra osb. Sjukehusa melder òg om at færre born vert utgreidde og teke inn til behandling. Det er bekymringsverdig.



Politiet sin budskap til kommunane, og spesielt til barnevernstenestene, er: Sjølv om vi er i ein spesiell situasjon så vert slike saker framleis prioritert. Dette er òg føringa frå Riksadvokaten. Politiet oppmodar om å fortsetje den tette samhandlinga for å redusere risikoen så mykje som mogeleg.

4. Opne eller stengde alpinanlegg

Helsedirektoratet kom i går med ei avklaring, som går ut på at kvar kommune må gjere ei konkret vurdering av om alpinanlegg skal kunne drive. Avgjerande er om kommunen vurderer at verksemda kan driva i tråd med gjeldande smitteverntiltak.

Alpinanlegg med mange heisar og bakkar og stor tilstrøyming av menneske, kan innebere fare for trengsel og kø, og dessutan forventningar om fasilitetar som toalett, servering og varmestover. Då er det vanskeleg å halde smittevernråda. Mindre lokale alpinbakkar med enkeltheisar og få gjester har betre høve til å organisere drifta si i tråd med dei allmenne smittevernråda om avstand og kor mange i gruppa.

Svar får Helsedirektoratet til Bykle kommune om alpinanlegg finn de her datert 5. april:

<https://www.helsedirektoratet.no/tema/beredskap-og-krisehandtering/koronavirus/anbefalinger-og-beslutninger>

5. Smittevernutstyr

Helsedirektoratet har oppdatert nettsidene med informasjon til kommunar om systemet for fordeling av smittevernutstyr. Den oppdaterte nettsida er tilgjengeleg her:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/smittevern-for-helsepersonell/bestilling-og-distribusjon-av-verneutstyr-til-sykehus-og-kommuner>

Samarbeid mellom helseføretaka og kommunane om fordeling

Vi har ved mange høve snakka om korleis den praktiske fordelinga av smittevernutstyr skal skje. Det operative samarbeidet skal skje i dei etablerte samarbeidsforuma mellom helseføretaka og kommunane. Fylkesmannen skal vere liaison i desse, og skal kallast inn til møte. Ei viktig rolle for oss er å sjå til at føretaka og kommunane hjelper kvarandre.

Fylkesmannen har ikkje delteke på møte i Helse Førde sitt opptaksområde, og vi tolkar det som om organisasjonen ikkje er på plass. Vi har ei klar forventning til Helse Førde og kommunane som høyrer til føretaket at dette forumet kjem opp og går, og at vi får invitasjon til møta. Helse Førde er kjend med forventninga.

Levering av utstyr

Helse Bergen informerer om at arbeidet med å køyre ut smittevernutstyr frå første forsending er starta, og at alle kommunane vil få utlevert utstyr seinast onsdag.

Det har kome ei ny forsyning til det nasjonale lageret, men det er usikkert når dette utstyret vil kome ut til regionane.

Fylkestannlegene

Fylkestannlegane har no fått tilgang til å melde inn behov for smittevernutstyr via Altinn, slik at dei ikkje treng gå gjennom kommunane.



Offentleggjering av lagernivå

Sykehusinnkjøp har understreka behovet for å utvise varsemd med å offentliggjere informasjon om det samla lagernivået i Noreg, for ikkje å svekke marknadsposisjonen til norske aktørar. Dette gjeld òg det samla lageret i kommunane som er meldt inn via Altinn.

6. Samarbeid mellom kommunane om koronasenger

Fleire av kommunane er i ein ventesituasjon og det er fleire som enno ikkje har smitta eller sjuke.

Det er grunn til ein forsiktig optimisme for den vidare utviklinga, men det er likevel heilt nødvendig at vi førebur oss på at det fort kan snu. Denne fasen må difor nyttast til å planlegge for å møte ein langvarig situasjon med mange smitta og mange sjuke.

Vi har fått tilbakemelding om at det er kommunar som samarbeider om å finne felles løysingar på etablering av koronasenger. Vi trur at det er ein veldig god idé, særleg for dei mindre kommunane, og vi oppmodar difor om å samarbeide med andre om gode løysingar.

For Fylkesmannen er det likevel ikkje så viktig om kommunane etablerer koronasenger på eiga hand, eller gjennom samarbeid med andre. Vår budskap er at kapasiteten må byggast opp både kvantitativ og kvalitativt, slik at kommunane er klar til ta i mot dei som vert sjuke. Ingen veit om veldig mange vert sjuke allereie i neste månad, eller om det ikkje skjer før over sommaren. Vi kan uansett ikkje planlegge ut frå at det ikkje kjem til å skje.

7. Testing

Det er ikkje gjort nokon endringar i nasjonale anbefalingar for testing ifrå FHI. Det kan gjerast lokale tilpassingar i samråd med mikrobiologisk laboratorium. Det er sannsynleg at det framleis vil vere knappheit på utstyr for testing ei tid framover, spesielt når det gjeld reagensar. Når det blir god kapasitet i alle ledd, vil det vere aktuelt å utvide testinga til fleire grupper.

8. Likposar

Vi har meldt spørsmålet om knappheit på nedbrytbare likposar inn til Helsedirektoratet, men dei har inga planar om nasjonal samordning av innkjøp eller melding av slike behov via Altinn, så her må vi visa til den eksisterande marknaden. Vi oppmodar òg gravferdsbyråa til å ta kontakt med sin bransjeorganisasjon Virke gravferd, då det er sannsynleg at det er eit nasjonalt problem.

9. Levering heim av alkohol

Dersom ein butikk skal selje og køyre ut alkoholhaldige varer til privatpersonar må dei ha ordinær salsbevilling. Utkøyringa av alkohol vert ei forlenging av denne bevillinga. Det er butikken som er ansvarleg for at ordninga skjer innanfor ramma av lovverket. Særleg viktig er det at butikkane overheld gjeldande salstider, at utleveringa skjer etter dei gjeldande aldersgrenser og at det ikkje vert utlevert alkohol til personar som er openbert påverka (synleg rusa).



Dersom butikken driv nettsal må dei ha bevilling for nettsal. Dei same føringane som over gjeld med tanke på salstider, alderskrav og sal til personar som er openbert påverka.

Ansaret til kommunen er å føre kontroll med at utkøyringa skjer i tråd med alkohollovgjevinga (kommunen er kontrollmynde og kan gje bevillingar). Kommunen har stor sjølvråderett i desse spørsmåla. Det er opptil kvar kommune om dei ønskjer nettsal av alkohol.